



# RAPPORT FRÅ FORPROSJEKTET KREFTBEHANDLING I KOMMUNEN

**Eit samarbeid mellom Sykehuset Telemark HF og kommunane Tokke og Vinje**

## **Samandrag**

Tokke kommune tok hausten 2018 eit initiativ for å undersøkje mogelegheita for å kunne gje desentralisert kreftbehandling på Tokke helsesenter. Bakgrunnen var eit ynskje om å redusere belastninga med lang reiseveg til behandling på sjukehus, og samstundes heve den faglege kompetansen og skape attraktive arbeidsplassar i kommunen. Vinje kommune vart invitert inn i prosjektet og utgjer ein samarbeidspart saman med Tokke kommune.

Rapporten frå forprosjektet definerer mellom anna aktuelle område for avtaleinngåing mellom Sykehuset Telemark HF og Tokke kommune ut i frå faglege, økonomiske og juridiske perspektiv. Rapporten dannar såleis grunnlaget for arbeidet med eit hovudprosjekt og skisserer innhaldet i og mogeleg organisering av dette.

## Innhald

<b>Innleiing</b> .....	2
<b>Organisering av forprosjektet</b> .....	2
<b>Avgrensing av forprosjektet</b> .....	2
<b>Aktuelle område for formelle avtaler mellom STHF og kommunen</b> .....	3
<b>Innspel frå referansegruppa</b> .....	3
<b>Inntekter og utgifter i hovudprosjektet</b> .....	3
<b>Tidsramme for hovudprosjektet</b> .....	4
<b>Tilråding frå styringsgruppa til prosjekteigar og prosjektansvarleg</b> .....	4
<b>Oppsummering</b> .....	4

# RAPPORT FRÅ FORPROSJEKTET - KREFTBEHANDLING I KOMMUNEN

## Innleiing

Målsetjinga med forprosjektet er å danne grunnlaget og setje rammer for eit hovudprosjekt. Det planlagde hovudprosjektet har som målsetjing å kunne gje nokre definerte typar kreftbehandling lokalt i Vest-Telemark, og vera eit alternativ til poliklinisk cytostaticabehandling på sjukehus. Ut i frå eit pasientperspektiv vil dette fyrst og fremst innebere redusert reiseavstand med den belastninga det inneber for pasientar i ein elles sårbar situasjon. Kreftbehandling i kommunen vil bli omfatta av same krav til fagleg standard og kvalitetssikring som behandling gjeve ved Sykehuset Telemark Helseforetak (STHF).

Prosjektet vil i tillegg til cytostaticabehandling også omfatte blodtransfusjon.

Prosjektet er eit samarbeid mellom STHF og kommunane Tokke og Vinje, med Tokke kommune som prosjekteigar.

Denne rapporten definerer innan kva for område det er grunnlag for å inngå forpliktande samarbeidsavtaler mellom sjukehuset og kommunen. Vidare kjem styringsgruppa for forprosjektet med tilråding til prosjekteigar og prosjektansvarleg (Tokke kommune og STHF) for arbeide med eit hovudprosjekt.

## Organisering av forprosjektet

### Prosjekteigar:

Tokke kommune

### Prosjektansvarleg:

Tokke kommune v/ helsesjef i samarbeid med STHF v/ kliniksjeff medisinsk klinikk

### Prosjektleder:

Samhandlingskoordinator

### Styringsgruppe:

Fagansvarlege ved STHF og i kommunane Tokke og Vinje (palliativt team, kreftkoordinator, helse og omsorgssjef, kommuneoverlege, kontaktsjef)

### Arbeidsgrupper:

Fag/ personell

Økonomi

Arbeidsgruppene har vore samansett av ressurspersonar innan fag/ personell og økonomi i kommunane og ved STHF.

### Referansegruppe:

Samarbeidsutvalet for samhandling mellom kommunane i regionen og STHF har vore referansegruppe. I tillegg til leiarar, er brukarar -og tilsettere representantar med i referansegruppa.

## Avgrensing av forprosjektet

I arbeide med forprosjektet er det lagt til grunn at formaliserte avtaler skal utarbeidast i eit hovudprosjekt. I forprosjektet har det derfor blitt jobba med å definere avtaleområde og grunnlaget for inngåing av avtaler mellom STHF og kommunen. Områda som er belyst er relatert til fagansvar, samt

juridisk og økonomisk ansvar. Det er jobba med ROS-analyser for å sikre at aktuelle risikoområde vert omfatta av kvalitetssikring og avtaler mellom partane.

Prosjektet er avgrensa til å omfatte cellegift som kan ferdigstillast før sending frå sjukehuset, blodtransfusjonar og styrkebehandling (Zometa og Pamidronat).

Tabellen syner registrerte behandlingar når det gjeld cytostatica og blodtransfusjonar i perioden 2014-2018. I tillegg kjem styrkebehandling som det ikkje har vore tilgang til informasjon om omfanget av.

Behandling i perioden 2014-2018	Tokke	Vinje
Cytostatica (FLV, Gemsar, Metotrexate)	143	217
Blodtransfusjon	102	206

## Aktuelle område for formelle avtaler mellom STHF og kommunen

### Fagansvar

- Fagprogram/ IKT-system og drift
  - Dokumentasjonskrav/ tilgang til fagsystem ved STHF
  - Definere formelt fagansvar
  - Avtale mellom STHF og kommunen og STHF og tilsett
- Kompetanse og beredskap (gjeld lege, sjukepleiar og laboratorietenester)
  - Internopplæring/ sertifisering
  - Hospitering/ mengdetrening
  - Bakvakt
- Personellressursar
  - Handtering av fråvær, ferieavvikling og ev. vakansar
- Transport og oppbevaring av medikament
  - Praktisk gjennomføring
  - Kvalitetssikring

### Økonomisk ansvar

- Lønn
- Medikament
- Utstyr (fag og IKT)
- Transport av medikament
- Takstar og refusjonar

### Juridisk ansvar

- Tilsetjingstilhøve/ Arbeidsgjevaransvar
- Pasienttryggleik
- System for intern kontroll

## Innspeil frå referansegruppa

Referansegruppa påpeikar viktigheita av å gje prosjektet god omtale, slik at det vert skapt tillit til prosjektet hjå pasientar, pårørande og tilsette. Vidare legg referansegruppa vekt på tydeleg og avtalefesta ansvarsfordeling mellom STHF og kommunane, både fagleg, juridisk og økonomisk

## Inntekter og utgifter i hovudprosjektet

Utgifter	
Hospitering/ veiledning (sertifisering)	Kr. 185 000
Lønn/ oppstart prosjekt	Kr. 125 000
Utstyr	Kr. 80 000
Diverse (reise, møte m.m.)	Kr. 50 000

Inntekter	
Samhandlingsmidlar overført frå forprosjektet	Kr 90 000
Fylkesmannen (innovasjonstilskot)	Kr 200 000
Eigenandel Vinje kommune	Kr 75 000
Eigenandel Tokke kommune	Kr 75 000

Inntekter frå pasientbetaling og refusjonar frå HELFO i samband med drift etter prosjektperioden, vil bli avklart i løpet av hovudprosjektet.

### Tidsramme for hovudprosjektet

Prosjektperioden vert definert frå oktober 2019 – oktober 2020, der siste perioden, frå om lag mars 2020 – oktober 2020, omfattar utprøving i ordinær drift.

### Tilråding frå styringsgruppa til prosjekteigar og prosjektansvarleg

Forprosjektet har gjennom sitt arbeid definert ulike samarbeidsområde og kva som bør omfattast av formelle avtaler mellom STHF og kommunane. For å realiser målsetjinga med prosjektet, må hovudprosjektet arbeide vidare med innhaldet i avtalene og sikre det økonomiske og juridiske grunnlaget.

Når det formelle grunnlaget er på plass, blir kompetanseoverføring og iverksetjing ein viktig del av hovudprosjektet.

Hovudprosjektet bør leggje vekt på brukarinvolvering og positiv omtale overfor innbyggjarane i kommunane generelt, og i møte med pasientar, pårørande og helsepersonell, både på STHF og i kommunane.

Hovudprosjektet bør organisertast etter same mal som forprosjektet:

#### Prosjekteigar:

Tokke kommune

#### Prosjektansvarleg:

Tokke kommune v/ helsesjef i samarbeid med STHF v/ klinikkssjef medisinsk klinikk

#### Prosjektleder:

Samhandlingskoordinator

#### Styringsgruppe:

Leiarar og fagansvarlege ved STHF og i kommunane Tokke og Vinje

#### Arbeidsgrupper:

Arbeidsgrupper vert definert av hovudprosjektet etter behov

#### Referansegruppe:

Kreftforeninga

Brukarutvalet STHF

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne/ Tokke og Vinje

Aktuelle fagpersonar ved STHF og i kommunane

### Oppsummering

Styringsgruppa ser på prosjektet som ei realisering av nasjonale føringar, både med tanke på «pasientens helsetenester» og intensjonen om fleire oppgåver og større ansvar til kommunane.

Prosjektet styrker samhandlinga mellom sjukehus og kommunar, og byggjer vidare på arbeidet som palliativt team ved STHF har gjort og gjer i kommunane.

Styringsgruppa legg til grunn at prosjektet også vil ha ein samfunnsøkonomisk verdi, ikkje minst med tanke på reduserte pasientreiser og dei kostnadane og ulempene det medfører.

Prosjektet vil kunne medverke til å skape attraktive arbeidsplassar i distriktet, og ved å få på plass samarbeidsavtaler mellom sjukehus og kommune, vil prosjektet også kunne ha overføringsverdi til andre regionar og sjukehus.

Kari Gro Espeland  
Samhandlingskoordinator STHF og kommunane i Vest-Telemark  
Prosjektleder for forprosjektet - Kreftbehandling i kommunen